

Ti år med landbruk og bygdeutvikling

Ti år er gått sidan Høgskulen for Landbruk og Bygdeutvikling vart skipa. Skulen er eit resultat av engasjerte røyster på Jæren.

■ Jane Brit Sande

Høgskulen for Landbruk og Bygdeutvikling (HLB) feirar ti år i år. Mai 2005 var månaden då høgskulen vart skipa som fyrste samvirkeorganiserte høgskule, og for første gong var på statsbudsjettet.

– Dette er ei feiring i framtidasteknikk, sa rektor og professor ved HLB, Dag Jørund Lønning, då han opna jubileumskonferansen.

Kampen mot tyngda

Lønning var tydeleg stolt då han opna jubileumskonferansen. Auditoriet på Øksnevad Vidaregåande skule, i Klepp i Rogaland, var fylt opp av inviterte gjester. Lønning presenterte for anledninga eit kåseri med tittelen "Å vere liten i ei tid då alle andre vil vere store".

– HLB tar opp kampen mot tyngda. Me vil avsløre den etablerte sanninga for det den er: eit perspektiv på mange moglege, sa han.

På HLB vil dei at elevane skal tenke annleis, og finna andre løysningar og måtar å tenke på.

– Eg har min veg, og du har din. Den rette vegen finst ikkje, sa Lønning.

Fem år som rektor på HLB har gjort inntrykk på Lønning, både på godt og vondt. Søknadar skal skrivast og sendast inn til rett tid.

– Me må skriva masse søknadar. Søknad for å søke om forskingsmidlar, søknad for å skifte namn på eit studiefag, søknad om fagmiljøet er stort nok, søknad om fagmiljøet er godt nok, ramsa Lønning opp, til humring frå salen.

For Lønning og HLB handlar det om å ha mot til å stå imot det etablerte.

– Me frydar oss over kvart hinder me passerer, sa han, og sikta til det ukjente talet på søknadar dei kvart år sender.

Blikket framover

Lønning og HLB har tatt initiativ til dialogportalen Jærmsiå, eit initiativ på tvers av interessegrupper. Jærregionen står i fokus på desse samlingane. HLB utvidar skuledrifta, og eit regionskontor i Steigen, i Nordland, er allereie på plass. Skulen har kome ein lang veg sidan bachelor-programmet vart etablert i 2010.

– No gir me full gass mot utvikling av eit eige masterprogram. Hausten 2016 ventar me å ha på plass eit masterprogram i regional samfunnsutvikling, kunne rektor Dag Jørund Lønning stolt annonsere på jubileumsdagen.

Engasjement og deltaking

HLB, med Lønning i spissen, arbeider for ein kortare avstand mellom menneske og makt. Han viste til forholdet mellom ansvar, engasjement og deltaking.

– Dei som får ansvar og blir høyrte, engasjerer seg og kjem igjen, forklara Lønning.

– Det motsette, altså at folk ikkje blir høyrte, er vaksine mot å kome igjen, halda fram.

Vidare snakka Lønning om situasjonen i dagens demokrati, slik han ser det.

– Norge beveger seg frå, og ikkje mot, eit deltakande demokrati, sa han, og viste til at avstanden mellom menneske og makt aukar.

– Fleire menneskjer opplever at deira røyst ikkje betyr noko. Forurolegande mange, sa han.

Dialog kan, i følge Lønning, plasserast i to forskjellige prosessar: Vertikale og horisontale.

– Den vertikale prosessen er den der me som aktørar snakkar til våre egne på vår eigen arena. Jordvernarene har samlingar med andre jordvernare. Dei syng songar og har det kjekt saman. Utbyggerane treff kvarandre på eigen arena.

– Me må heller snakka saman, understreka han.

– Jærsmiå er eit eksempel på ein arena der den horisontale prosessen blir gjenskapt. Me skal snakka saman, og ikkje til kvarandre, understreka den engasjerte professoren.

aktuelt i landbruket



Gåver og helsingar vart raust og høgtideleg utdelt på jubileumsdagen. Kubjella fekk Dag Jørund Lønning og HLB i gåve frå Rogaland Bondelag.